



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømmeråd

Det Kgl. Fornyings-,
administrasjons- og kirkedepartement
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 15.11.2011

Vår ref: 11/26-20 gsk

Dykkar ref: 10/3201

Høring om elektronisk registrering til kirkelige handlinger - endringsforslag til forskrift om Dnks medlemsregister

Stavanger bispedømmeråd har fått endringsforslaget til "Forskrift om Den norske kirkes medlemsregister" på høring.

Stavanger biskop sluttar seg til bispedømmerådet sine merknadar til høringa.

1. Bispedømmerådet gler seg over at det nå snart blir tenlege, elektroniske løysingar for kyrkjebokføringa. Dei nye ordningane vil betra både føring og bruk av kyrkjebøkene.
2. Bispedømmerådet foreslår at overgangen til ny ordning bør skje utan ein periode med plikt til dobbelføring, elektronisk og på papir.

Til dømes kan ein seia at

- alle data frå 1. januar 2012 skal først elektronisk.
- Viss ein treng ein prøveperiode, gjev Kyrkjerådet melding til sokna når dei tekniske systema har eit tryggleiksnivå som gjer føring på papir overflødig.
- Sokna registrerer sjølv kva tid dei sluttar med kyrkjebokføring på papir. Til dømes kan dette registrerast i soknepresten si kallsbok.

3. I alle kyrkjelydar blir det ført eit dagsregister over gudstenester og kyrkjelege handlingar. Denne registreringa skjer framleis manuelt. Det er eit like tungvint og utdatert system som den manuelle kyrkjebokføringa.

Når det nå snart blir elektronisk kyrkjebok og medlemsregister, bør dagsregisteret inngå i dei elektroniske løysingane, for å letta føring og bruk av data frå registeret.

Eit elektronisk dagsregister vil gje lettare og meir formålstenleg innhenting av kyrkjeleg årsstatistikk. Eit elektronisk dagsregister vil gjera det lettare for kyrkja å gjera seg bruk av statistikk, nytta talfesta mål og resultatindikatorar og sjå utvikling over tid, noko som igjen vil vera til nytte i strategisk arbeid og administrasjon av ressursar.


Det bør derfor i løpet av 2012 lagast eit formålstenleg og stabilt system for elektronisk registrering av kyrkjeleg verksemd, integrert med elektronisk medlemsregister og kyrkjebok så langt det gjev gode løysingar.

4. For kyrkja vil det vera positivt å kunne kontakta fadrar samla. For dei fadrane som er medlemmer av kyrkja, ligg alt personnummeret i medlemsregisteret. Ved å seia ja til fadderoppgåva, tek fadrane på seg eit viktig, kyrkjeleg ansvar for oppfølging av barnet. Det følgjer derfor av sjølve fadderordninga at registeret bør kunne gje kyrkja høve til å kontakta fadrar som ei samla gruppe.

Stavanger bispedømmeråd kan ikkje sjå for seg at høve til å søkja opp fadrar samla skulle krenka personvernet, eller at kyrkja skulle misbruka slike opplysningar til andre formål. Fadrar vil ikkje få vite om kvarandre ut over det dei sjølv legg opp til ved å delta i eventuelle tiltak. Sidan så mange personnummer alt ligg i registeret, er det vanskeleg å sjå dei heilt store prinsipielle skilnadane når det gjeld innhenting av personnummer for fadrar.

Dei fadrane som høyrer til andre trussamfunn tek og på seg ei oppgåve på vegne av den registerførande kyrkja, og bør derfor kunne kontaktast på lik linje med andre, utan at dette krenkjer personvernet.

Med helsing



Åge Bognø e.f.
Stiftsdirektør



Geir Skårland
Rådgevar
Telefon: 51 84 62 88